



KOPI

Link Arkitektur AS  
Dreggsallmenningen 10-12  
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1869 - 14/18980

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

21.08.2014

## Forlenga frist for mellombels bruksløyve - gbnr 185/333 Isdal

### Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Hagelsundet Eigedom AS

Ansvarleg søkjar:

Link Arkitektur AS

Søknadstype:

Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Lindås kommune har motteke søknad frå tiltakshavar den 04.06.2014, vedkomande forlenga frist for mellombels bruksløyve for bygget. Lindås kommune beklagar lang sakshandsamingstid.

I vedtak datert 06.12.2013 vart det gjeve mellombels bruksløyve med gyldighet til 15.06.2014.

I brev motteke 04.06.2014 vert det søkt om fristforlenging til 30.09.2014. Det vert opplyst om at bygget er ferdigstilt, men at det gjenstår noko utvendig beplantning.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan gjevast forlenga frist for mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:	Hagellia 6, 5914 Isdalstø
Bygningstiltak:	Kontorbygg
Bygningsnummer:	300040368

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve forlenga frist for mellombels bruksløyve for gbnr 185/333 Isdal på følgjande vilkår:

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



## 1. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.09.2014.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1869

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming	1	2.800
	Totalt gebyr å betala		2.800

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Link Arkitektur AS

Dreggsallmenning 5003  
en 10-12

BERGEN

**Mottakarar:**

Hagelsundet Eigedom AS

Hagellia 6 5914

ISDALSTØ